

Radøy Kommune

Søknad til ekstraordinær tilskotsordning til lag og organisasjoner.

Midler til etablering av bade- og rastepllass.

Austebrygd Grendalag ynskjer å søke om midler til etablering av ein bade- og rastepllass ved Austavatnet som ligg langs Treveien (Ystebøtraet), på Sletta. Området som er tiltenkt nytta er eit nes som frå gammalt av blei nytta til badepllass. I dag ligg dette brakk (Gnr.99/2). I lengre tid har det vore eit ynskje om ein badepllass i bygda som er lett tilgjengelig og som kan nyttast av alle. Tidlegare planer stoppa opp grunna usikkerhet rundt vasskvaliteten. Grendalaget sendte inn vassprøve i juni/juli 2019. Resultatet var godt innafor krava til badevatn.

Neset ligg ca.15meter frå bilvei. Grunna gjengroing i vannkanten, myr, kratt og ei elv er det særskilt dårlig tilkomst til neset i dag. Grendalaget vil bygge ei 10meter lang bru frå veiskulder og over til neset. Brua vil være universelt utforma slik at ein har tilkomst til neset med rullestol og barnevogn. På sjølve neset er planen å laga klopp frå bru til ein rastepllass med benk. Vannkanten /dei første meterane rundt neset er steinsatt. Her veks det opp ein god del vegetasjon. På nordsida av neset ynskjer Grendalaget ein badeplattform med landgang slik at ein enkelt kan komme seg ut til, ned og opp av vatnet. Vest-sida av neset ligg usjenert til, men det er ein god del vegetasjon i vatnet. Planen her er å fjerne det ein kan av vegetasjon og legge på skjelsand for å hindre at det kjem opp ny vegetasjon. Dette vil også resultere i at området blir meir barnevennlig då dei slepp å gå på steinsettinga i vatnet.

Austevatnet ligg langs Treveien, sentralt til på søre delen av Austebrygd. Det er kort vei frå Slettevegen, Austebrygd skule, byggefeltet på Ystebørenen og Renen. Dei som ikkje bur i gangavstand vil ha mulighet til å parkere i Treveien, 70 meter nord for neset (på Gnr.99/4,9). Dette er areal som ikkje blir nytta i dag, og grunneier har satt grunnen til disposisjon til parkering (ca.25x10meter). Til å planere ut området vil det bli brukta eksisterende masse, men det vil i tillegg være behov for eit par lass med veigrus.

Grunneigarane for 99/2 og 99/4,9 er orientert om prosjektet og har stilt arealet til disposisjon til formålet. Det vil bli gjort ein skriftlig avtale med grunneigara før oppstart av prosjektet. Ved eit tilslag på finansiering vil dugnadssarbeidet bli satt i gang snarest og me satser på at området er klar til bruk i løpet av 2020.

Vedlagt finn ein skisser, bilder, kart og budsjett. Dokumentasjon på vassprøver og pristilbod på materiale kan ettersendast ved forespørrelse.

Me håper på positiv tilbakemelding og økonomisk dra hjelp for få prosjektet realisert.

Mvh

Knut Sylta Sletta 29/8-19

Knut Sylta

(Leiar Austebrygd Grendalag)

Austebrygd.grendalag@gmail.com